

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk Seterkultur
Nummer 2 - juni 2001



God tur på setra!

Innhold:

<i>Positivt årsmøte og seminar på Dovre</i>	s. 2
<i>SND-tilskot</i>	s. 2
<i>Styret attvald</i>	s. 2
<i>Sats på geitebaldet - før det er for seint!</i>	s. 3
<i>Nettverk for geitebaldet</i>	s. 3
<i>Internasj. status for stølsområda våre</i>	s. 3
<i>Godt setermiljø i Budalen</i>	s. 4
<i>Seterkalenderen</i>	s. 5
<i>Seterbruket i dag</i>	s. 6
<i>Litt om seternamna</i>	s. 6
<i>Dikt om seterdrifta i Herdalen i Rennebu</i>	s. 7
<i>Geir Hauge vann fram</i>	s. 8
<i>Grønt spatak - stor interesse for seterbruk</i>	s. 8



Norsk
Seterkultur

Utgjevar: Norsk Seterkultur,
6214 Norddal
telefon 70 25 92 29
70 25 91 77
telefaks 70 25 91 57
E.post: seterkul@online.no
www.seterkultur.no


Redaktør: Torhild Svisdal Mjøen
Trykk: Olav Snøfugls Trykkeri,
7340 Oppdal

Foto framside: Bente K. Enlid,
Budalen

SND- tilskot til Norsk seterkultur

Norsk seterkultur har nyleg fått innvilga kr. 80.000 i utviklingstilskot til eit forprosjekt for kompetanseutvikling og marknadsføring. Den mangfaldige matkulturen knytt til setra er det ein ynskjer å gjera noko med. Det blir produsert mykje spennande mat på setrene, og meir skal det bli! Såleis sett NSK i gang eit arbeid for å avklare: marknaden for

seterprodukta, behovet for marknadsføring og sal, utfordringar og flaskehalsar i ein slik typisk sesongproduksjon, behovet for satsing på kompetanseutvikling - og utvikling av eit internettbasert marknadsføringsverktøy. - Noko av bakgrunnen for tiltaket er at NSK stadig får spørsmål om kvar seterprodukta er å få kjøpt, og gjerne kvar det er muleg å få oppleve slik foredling. Behovet for å få produsentane og produkta fram i dagene er stort - og dette er altså ei oppgåve Norsk seterkultur no vil gjera noko med.



Positivt årsmøte og seminar på Dovre

Det var ei kampvillig og kreativ forsamling som sette seterdrifta og småskala foredling av mjølk på dagsorden under Norsk seterkultur si årsmøtehelg på Dovre. Organisasjonen hadde fagseminar i samarbeid med Norsk Gardsost, som óg la årsmøtet sitt til same stad. Tema knytt til rammevilkåra for seterdrifta, setring og kulturlandskap, biologisk mangfald i fjellet og framtidige satsingsområde for både meierisamvirket og den lokale foredlinga engasjerte deltakarane - totalt over 50, som kom frå minst 13 av fylka i landet.

Dovre kommune er blant dei kommunane som er medlem i Norsk seterkultur, og både ordførar Erland A. Løkken og varaordførar Else Hole Ulekleiv medverka til å gi arrangementet ei fin ramme. Elles sto Hans Bjørner Talleraas, Steinar Moldal og Hans Bergseng for

innslag med lokal forankring - knytt til seterkulturen på ulike vis. Anders Bryn, NIJOS, orienterte om «gjengroingsprosjektet» i Grimsdalen. Seterbruket i Oppland - status, framtid, verkemiddel var tema for Stig Horsberg, FMLA-Oppland og Ivar Bjarne Underdal, leiar i Norsk Gardsost m.m. dro opp til ordskifte om Verdiskapingsprogrammet. Søndagen var temaet m.a. Tine sin todeltete strategi, og innleiarar var Gjermund Stormoen, Tine NM og Odd Stigen, Tine ØM-Dovre. Stigen ga ein spennande gjennomgang av utfordringar knytt til dei nye produkta - «Dovreost», og det vart ein engasjert og kreativ debatt. Industri og småskala har mykje å tala om!

Organisasjonen Norsk seterkultur er ikkje meir enn to år, men årsmøtet bar bod om at ein er i ferd med å finne si

form som eit effektivt reiskap og triveleg forum for både dei som driv setring og for andre som ønskjer å ta vare på og utvikle seterbruket. Arbeidet i organisasjonen skjer for det meste på dugnad - av eit nettverk av medlemmar med ulik kompetanse. I og med at Norsk seterkultur er både høyringsinstans og samarbeidspartnar for offentlege etatar på ulike sektorar, vart det på årsmøtet gjeve sterkt uttrykk for at økonomien i laget bør styrkast ved offentlege løyvingar. - Årsmelding og rekneskap vart samrøystes godkjente, kontingenten uendra og styret sitt framlegg til handlingsplan vart vedteke med eit tillegg om at organisasjonen må prioritere arbeidet overfor styresmaktene. Vedteke vart det og å sende ut ei fråsegn om geithaldet.

Jostein Sande

Styret attvald

Styremedlemene i Norsk seterkultur vart attvald.

Leiar er Jostein Sande, Norddal og med i styret er elles Anne Ulsaker Bækken, Hemsedal, Marit Hoel, Molde, Berit Runningen, Vågå, og Gjermund Stormoen, Tine/ landbrukssamvirkets representant/ med vara Knut Erik Grindaker, Tine.

Årsmøtevalde vararepresentantar til styret er:

Geir Harald Fodnes,
Nord-Aurdal (ny)
Bente Kaasen Enlid, Midtre-Gauldal (ny)
Ingrid Arneng, Vestre Slidre.

To nye varamedlemar

Geir Harald Fodnes frå Nord-Aurdal i Valdres vart valt til første vara til styret på årsmøtet på Dovre. Geir Harald er gift med Anny frå Lofthus i Hardanger, og dei har tre born i alderen 14-20 år. Driv - etter eige utsagn - ein liten gard på 80 dekar i Lo-bygda. I dag 11 mjølkekyr og 9 ungdyr, og i tillegg om lag 25 vinterfora sauer. Driv støling på Breiset 1000 m.o.h. - 9 km rett opp frå tunet.

Tok til med støling i 1995, tidlegare var det konsentrert haustkalving og fellesferie om sommaren. Geir Harald fortel at endringa i driftsopplegget har vore positivt for folk, dyr og økonomi. Stølssesongen er frå rundt 25. juni til 15.-20. september. Han har hatt deltidsarbeid utanom garden heilt sidan han tok over som gardbrukar, flest år som produksjonsrettleiar i TINE. Frå 1995 har stølen og støling vore arbeidsområdet hans, fyrst i samband med eit kulturlandskapsprosjekt i Nord-Aurdal, og sidan 1997 som tilsett i Norges Vel, der han har ei 50% stilling i prosjektet «Levande stolar».

Bente Kaasen Enlid frå Budalen i Midtre Gauldal i Sør-Trøndelag er ny på plassen som andre vara til styret. Nærare presentert i «Brukarteigen».

Sats på geitehaldet - før det er for seint!

Sidan 1990 har over 270 geitebønder gjeve opp. Talet på gardsbruk med produksjon av geitemjolk er kome godt under 700, og årsmøtet i Norsk seterkultur meiner det snarast må settast inn tiltak for å berge næringa! Geita er det eldste husdyret vi har - sjølve odelsjenta i verdas landbruk, utnyttar ressursane på ein frammi-frå måte og gir mjolk som er ei spennande råvare for foredling. Verda over er geiteprodukt «trendy» matvarer, og landet vårt må for all del ikkje misse ei næring som har eit så stort potensiale for verdiping i bygdene.

Svært mange av geitebuskapane tilbringar sommaren på enkeltsetre og fellesetre, og både i låglandet og i fjellet er geita viktig for å ta vare på kulturlandskapet og det biologiske mangfaldet. Geita er eit sosialt dyr, og representerer dermed ein trivselsfaktor for m.a. reiselivsnæringa. Internasjonalt blir Noreg oppfatta som eit «geiteland», men med ytterlegare reduksjon i talet på bruk med geit og samla mjølkemengde kan suksessprodukt som Snøfrisk-osten koma i fare. Utvikling av nye produkt kan snart bli umuleg.

Årsmøtet i Norsk seterkultur meiner det no trengst nye grep for å berge næringa, og sluttar seg til tilrådingane i ein

Marie Stolen på Støljæresetra i Åmotsdalen i Oppdal. Bildet er tatt i 1943.

*Fotoeier:
Oddmund
Vammervold.*



strategiplan som ei bransjegruppe i SND nyleg har arbeidd ut. Planen seier at det bør bli slutt på ordninga med kjøp og sal av mjølkekvotar for å hindre ytterlegare avviking av næringa. Og gruppa tilrår etablering av eit «Nettverk for nyskaping og koordinering i geitehaldet». Det nye grepet i dette inneber at næringa for første gong får eit forum der geita har hovudrola og sitt i førarsetet. Det er avgjerande at

nettverket blir eit nyskapinge forum, der hovudmåla må vera å byggje geita som merkevare og å styrke marknadskommunikasjonen. Liknande grep har gjeve ny optimisme og vekst i geitehaldet i andre land.

Dovre 24.3.01
Årsmøtet i Norsk seterkultur

Nettverk for geite- haldet

Like etter årsmøtesamlinga på Dovre vart det teke initiativ for å få til eit nettverksamarbeid i geitehaldet. Jostein Sande ba inn til eit møte i Oslo, og seinare har Sande og Ivar Bjarne Underdal, som leia arbeidet i bransjegruppe geit/SND, saman med representantar frå TINE og NSG hatt møte med SND. Det blir såleis arbeidd både med organisering og finansiering.

Internasjonal status for stølsområda våre?

Det Kgl. Selskap for Norges Vel har teke initiativet til eit arbeid som kan resultere i at det norske stølslandskapet får særskilt internasjonal status. 10. og 11. mai møttest ei gruppe fagfolk for å drøfte korleis dette kan gjerast. Stølsdrifta her i landet har eit omfang og eit mangfald som gir oss særleg ansvar. Tanken er å fremje dette i samband med FN's «The Year of the mountains» 2002. Målet er m.a. å styrkje stølsdrifta sin posisjon og fremje ytterlegare verdiskaping med grunnlag i denne driftsforma. Jostein Sande, leiar i Norsk seterkultur, deltek i arbeidet.

Godt setermiljø i Budalen

Tida på setra gir kraft til vinteren



Kvil i løeveggen. Ivar og Bente i åpningen, svigerfar + barn.

- Eg ser fram til å koma på setra att gjennom heile vinteren, det er ei glede å drøyme seg dit. Og første veka i juli - vanlegvis - ber det til Hiävollen i Endalen att, 16 kilometer frå garden, 5-6 timars tur i lag med dyra. Ikkje så mange som går lenger, men det er så triveleg! Det er Bente Kaasen Enlid som seier dette. Bente held til i Budalen i Midtre Gauldal kommune i Sør-Trøndelag, på garden Enlid. Oslo-jente, som etter mange ferie-somrar «vart att» i bygda. Har budd i Budalen sidan 1978. Driv gard og seter i lag med mannen Ivar Enlid, har tre eigne ungar og ein liten fosterson.

Bente fortel at allereie oldeforeldra hennar fann Budalen som sitt ferieparadis, kom dit i T-Ford første gongen i 1934. Sidan har fire generasjonar feriert der! - Ingen tvil om at Bente trivst som gardbrukar og, ikkje minst, som budeie på setra. Bruket omfattar om lag 1,6 årsverk. Vel 20 storfe - kyr, ungdyr og kalvar - tel buskapen som altså går til seters. Attåt følgjer det med ein hest, 6-8 høner, katter, hund, kopplam - og eitt år hadde vi til og med gjess der, fortel Bente. På eit slikt gardsbruk er sjølsagt mjølk og kjøt hovudproduksjonen, men litt tilleggsnæring kjem godt med. Ivar har be-

gynt med lafting, med tankar om at det kan vera med å lette generasjonsskiftet, fortel Bente. Sjølv foredlar ho litt mjølk til rømme og skjørøst, som blir selt til folk som kjem innom - eller nytta når ho tilbyr seterkost for større og mindre grupper. Ein mykje bruka gangveg går framom Hiävollen. - Vi har ikkje marknadsført tilbodet, men mange - m.a. det lokale billaget - veit om det, slik at vi faktisk har hatt grupper på 50 personar innom her. Seterbua er ikkje større enn at da måtte gruppa delast i to. Grupper på 10-12 er meir passande, og eg er vel eigentleg i tvil om kor mykje eg vil satse på dette. I så fall må det til ei ny og større seterbu, men også ein veldig stor arbeidsinnsats - som lett går på trivselen laus. At setrene har mykje positivt å by folk, er i allefall sikkert. Og det er kjekt å bruke setra og produkta frå setra til å formidle dei positive verdiane vi har i landbruket og i bygdene. Seterbua er gammel, men det er det enkle og gamle folk sett pris på, seier Bente, som fortel at setra er omtala i gamle dokument alt på 1700-talet.

Nytt, lafta, fjøs tok vi i bruk i fjor. Vi var litt spente på korleis kyrne vil tilpasse seg det nye. Dei stoppa - og stussa litt med det same, men snart gjekk dei rett

på plass. Eit lite bensinaggregat driv mjølkmaskina. Først på sommaren køyrer vi heim mjølk for levering, men utover ettersommaren når avdråtten minskar blir alt foredla og brukt på setra. I sommar blir det nok meir mjølk, ei av dei to yersey-kyrne våre skal snart kalve. Elles er kyrne våre haustbere. Å legge om til auka produksjon om sommaren ville krevje ein del investeringar i veggen og ei ny bru, for å få tankbilen fram.

I alt er det drift på over 20 setre i Budalen, i to hovuddalføre, og tankbilen hentar mjølka på dei fleste setrene, fortel Bente, som elles legg stor vekt på det gode setermiljøet. Godt naboskap og sosialt fellesskap er viktig! Ungane har også likt seg svært godt på setra, faktisk aldri mast om ferietur! Og det enkle livet på setra inneber at vi nesten lever som før i tida. Berre motoren til mjølkemaskina er av det moderne slaget, elles må vi leve i pakt med natur og tradisjonar. Slikt er verdifullt, og så er det så kjekt å kome heimatt - til notidas komfort.

- Vi har hatt kyrne inne om natta siste åra. Før var dei ute, og det endte gjerne med at dei tok seg ein skikkeleg «ferietur» da det lei på sommaren. 5-6 timar tok det å få dei heimatt siste gongen, og da vart det slutt! Men sist på sommaren beiter dei langt avstad, og er litt trege med å kome heim. Men ingenting er så gale at det ikkje er godt for noko - budeia held seg i god form! Og treninga får eg heilt gratis, seier Bente. Setra ligg 700 m.o.h., i bjørkeskog, og kyrne beiter langt innover i snaufjellet.

Bente fortel at det har ikkje vore dyrka særleg mykje ny innmark i seterområdet i Budalen, i motsetnad til i nabobygdene. Dei fleste har nokre mål ingjerdt setervoll, som dei gjerne haustar til hø. I samband med planane om nasjonalpark i det området som gjerne blir kalla Gauldalsvidda, vil mange setre i Budalen komma innafor eit planlagt landskapsvernområde. Bente trur ikkje slik verne-status vil hindre dagens drift, men er opptatt av at det bør sikrast mulegheiter for litt oppdyrking i seterdalane.

Seterkalenderen

Fjordfe-årsmøte

Laget for Vestlandsk Fjordfe held årsmøte på Fausko Skysstasjon i Hemsedal siste helga i juli. Årsmøtet vert sett fredag 27.7, kl. 18.00, og dei to påfølgjande dagane er det «frie aktivitetar», stølsbesøk m.v. Påmelding skjer direkte til skysstasjonen på tlf. 32062276.

Bufarhelg i Valdres

Med utsegna «Stølslandskapet - innlandsnorges fjorder» presenterer arrangørane av Bufarhelg i Valdres - ei helg med variert program knytt til stølsdrifta og stølskulturen. 20 bønder innbyr folk til å delta i buføringa. Det blir nærkontakt med dyr, kulturprogram, budeieball, stølsmesser og historiske vandringar. I samarbeid med Norsk Gardsost blir det kåring av «Noregs beste gardsost», i tillegg utstilling, smaksprøvar - og sjølsagt høve til å kjøpe særprega ost laga av god og smaksrik stølsmjolk. Vaset i Vestre Slidre og Beitostolen i Øystre Slidre er «sentra» i arrangementet, tidspunktet er helga 7.- 9. september. Selskapet for Norges Vel og deira prosjekt «Levande stølar» er initiativtakar og drivkraft for arrangementet.

Seterkurs på Gammelsetra i Grøvudalen

Arr Nordmøre Ungdomslag
Voksenopplæringskurs i seterstell ved Gammelsetra i Grøvudalen på Nordmøre. Praktisk opplæring i ysting, kinning, kustell og generell seterdrift.
Kurs 1. 8.-15. juli
Kurs 2. 5.-12. august
Info/Påmelding Eldri Svisdal, 7340 Oppdal.

Grøvuhelga

Grøvugruppa held sitt årsmøte tradisjonen tru olsokhelga, 27-29 juli, i Grøvudalen på Nordmøre. I tillegg til årsmøte vert det eit allsidigt program, med både natur- og kulturopplevingar. Laurdagskvelden vert det rømmegraut på Gammelsetra og dans på vollen.

Seterhelg på Herdalssetra

4.-5. august. Budeiene byr på tradisjonelle seteraktivitetar, seterkost, leik og dans og samling på Geitakyrkja. Informasjon: tlf. 70 25 92 29.

Utstilling

Minner elles om utstillinga «Oline og Tuva» - seterdrift før og no, som Norsk seterkultur har i tilknytning til lagskontoret i Norddal. Det er ikkje fast opningstid, så avtale må gjerast - tlf. 70259177 eller e-post: seter@seterkultur.no

Seterkalenderen omfattar langt frå alle arrangement kringom i seterlandet i sommar, men det var dette som var kome inn pr. 10.6. Den tilsvarende spalta på heimesida er imidlertid opa heile tida, så meld frå om ting som skal skje til Norsk seterkultur (brev, tlf, e-post).

Lokallag

- Det er tankar om lokallag av Norsk seterkultur nokre stader i landet. Lengst er planane komne i Valdres og Hallingdal. Styret er svært positiv til dette, og vi vil følge opp temaet i bladet seinare.

Ystekurs i Singsås, Sør-Trøndelag

I tre dagar i oktober vert det arr. ystekurs i Singsås med Pascale Baudonnel som Drar. Her står både ysting av kvitost og brunost på programmet. Interesserte kan ta kontakt med Torhild Svisdal Mjøen, på tlf 72421220 (dag), 72421150 (kveld), eller Oddgeir Grytdal, 72435524.

Levande stallar

Prosjektet nærmar seg slutten. Prosjektet har sett fokus på mange sider ved stølsdrifta i Valdres og Hallingdal, resultatata er interessante - og vi vil presentere artiklar om dette i komande nr. av Seterbrukaren.

Olsok på Romsdalsmuseet

Søndag den 29. juli er det 27. gongen det er olsokfeiring her. Det vert aktivitetar i hus og tun mellom kl 1200 og 1700. Det vert smaksopplevingar som nykjerna smør, nysteikt flatbrød og vaflar. Såpekokaren er på plass og handverk av mange slag: karding, spinning, veving, hekling m.m. Det blir slåttonn på Hammervollattlega som vanleg. Ellers vert det både leik og dans og aktivitetar for barn. Alt skulle derfor liggje til rette for sin familiedag der det er tenkt på alle generasjonar. Dagen blir avslutta med olsokgudsteneste framfor Kapellet.



Seterbruket i dag

Denne utgåva av Seterbrukaren blir spreidd i eit større opplag enn vanleg, m.a. med tanke på å verve nye medlemmar. I samband med det gir vi her ei lita oversikt over seterdrifta

– Etter mange år med tilbakegang, ligg talet på setre i drift no relativt stabilt på nær 1800 - og noko over 3000 gardsbruk fører kyr og geit til desse stølane. Heilt eksakte tal er det forøvrig vanskeleg å finne. Det blir gjerne gått ut frå dei som får tilskot til setring over jordbruksavtalen, men ein god del setre i drift fell av ymse grunnar utanom dette - og somme let rett og slett vera å søkje. Det var i 1989 det vart innført eit produksjonstilskot som retta seg mot aktiv setring med mjølkproduksjon. Definisjonen av seter er i dette høvet jordbruksdrift med leveranse av mjølk eller foredla produkt. Drifta må gå føre seg i heile eller delar av sommarhalvåret - minst 4 veker - i tilknytning til seterbygning, og må høyre til heilårs jordbruksdrift på ein landbrukseigedom. Føremålet med tilskotet har heile tida vore å oppretthalde og gjerne med-

verke til gjenopptaking av tradisjonell stølsdrift, samt å vedlikehalde kulturlandskapet. Tilskotet er no på kr. 13.000 pr. seter (medlemene i fellessetre må dele tilskotet) - og trass innspel om auke i tilskotet, både frå Norsk seterkultur og andre, blir det inga endring i den nye jordbruksavtalen.

Stølsområda er sjølsagt også viktige beiteområde for husdyr som ikkje blir mjølka. Det blir óg hausta store mengder for i seterfjellet. Og i ein del område blir seterdrifta faktisk teke opp att, etter å ha vore nedlagt i lang tid. Dei kring 3000 gardsbruka med mjølkproduksjon som nyttar ei eller anna form for seter representerer sjølsagt ei vesentleg verdiskaping. For mjølkforsyninga er det sjølsagt viktig at produksjonen blir halden oppe om sommaren, og i dette biletet spelar seterbrukarane ei viktig rolle mellom dei om lag 22.000 mjølkprodusentane i landet. Seterstølne er elles «spydspissen» for ivaretakinga av kulturlandskapet mange stader i landet, og legg grunnen for ein svært stor kjøtproduksjon - basert på ut-

marksbeite. Mjølkproduksjonen på setrene går i hovudsak til meierisamvirket, men stadig fleire seterbrukarar tek opp eiga foredling og turisme som del av driftsopplegget.

Oppland er seterfylke nr. 1 med nærare 950 setre i drift (ca.-tal), deretter følgjer Sør-Trøndelag med nær 430, Hedmark med om lag 410, Buskerud kring 250, Møre og Romsdal 220, Sogn og Fjordane 160, Telemark 90, Hordaland 70, Nordland 60, Troms 40, Nord-Trøndelag 40, Finnmark 7, Rogaland 6, bae Agder-fylka 3. Desse tala er basert på oversynet setertilskotet gir. Men dei er, som nemnt ovanfor, ganske omtrentlege - men gir i allefall eit vist bilete av tilhøva kringom i landet. I fylke som Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag er det mange fellessetra, gjerne oppattekte eller nyrydda utover frå 1970-åra. Spora etter initiativrike fylkesagronomar o.a. er tydelege! Såleis er det store variasjonar i strukturen og eit enormt mangfald i driftsformer kringom i landet.

Litt om seternamnna

Det er registrert nærare 50 000 seternamn her i landet. 500 av dei er kjent frå middelalderen, 3 800 frå kjelder eldre enn 1725 - altså kjenner vi dei fleste først frå nyare tid. Flest seternamn kjent frå dal- og fjellbygdene. Seternamnna skil seg oftast vesentleg frå gardsnamna i form og språkleg innhald. Men om dei fleste er frå «nyare» tid, så finst det óg namn på setergrender som språkleg står nær dei eldste gardsnamna våre. Mange setre er for lengst nedlagt, og kanskje er namnet i dag einaste minnet.

Kring 40 prosent av seternamnna har eit naturnamn som grunnord, td. dal, li, vang, ás og voll. Utmerkingsord karakteriserer og skil dei frå andre setre. Somme stader har grunnorda vang, voll eller ás beinast tydinga 'seter', anten mjølkeplass eller meir utvikla stølsanlegg.

Om lag 60 prosent av seternamnna vitnar om menneskeleg verksemd, med seter/ sæter, set og støl som dei mest vanlege. Det mest produktive, seter, er kjent frå 14 000 seternamn og 850 namn på fast bustader. Set (sete, seto) finst i 1 700 namn på setre og 900 gardsnamn. Namn med grunnorda seter og set er nok nærskyldige, og spora kan rekkjast attende til verbet å sitje. Gardsnamn på -set går attende til vikingtida, medan seternamn med -set gjernast er noko yngre. Nemninga er kjent over heile landet, men har som ekte målføreord eit tyngdepunkt nord og aust i landet. I vest er seter brukt sørover til Nordfjord, medan det er brukt over stordelen av Austlandet, med unntak av nokre bygder i Valdres, Hallingdal og Telemark. - Namn med grunnordet støl finst det kring 11 000 av, særleg utbreidd på Vestlandet og i dal- og fjellbygdene frå Agder og nordover til Gudbrandsdalen. Mange målføre-former - studul,

støyl, stul osv., og nemninga er brukt både om enkle mjølkingsplassar og ordinære setre. Usamansett om mjølkingsplass og heimseter, i namn på seter helst ihopsett - som med grunnordet seter. I mange målføre blir det brukt både seter og støl, og gjerne blir det sagt seterstølen - gjerne brukt om ei setergrend - evt. setervollen

Sel er brukt i tydinga seter både i Dalarne og på Island, få eksempel her i landet. Sel er nemninga på seterbua på Vestlandet. På dei britiske øyane møttest norsk og keltisk husdyrhald og seterbruk. Norske seternamn vart gjerne omforma i det lokale språket, men vi kjenner framleis att ei rekkje seternamn - helst i namn på gardar og landsbyar. Geiséadar er ei keltifisering av 'Geitseter', Satterthwaite (i Cumbria, England) er ihopsett av seter og tveit. Dei nær 50 000 seternamnna på norsk jord og dei mange nærskyldige namna av norsk opphav på framand grunn er ei interessant og spanande kjelde - både for busetnadshistoria og språkhistoria. - Utviklinga av gardsbusetnaden viser ulike overgangar mellom gard og seter, og namnebruken avspeglar både utviding og avvikling av fast busetnad. Det siste fortel nokre seternamn på aun og øydegard direkte om.

Skrivemåten

Seternamnna bør, som alle andre stadnamn, skrivast så likt den lokale målføreuttalen som råd. Da kan ein t.d. skilje mellom dei ulike formene grunnordet støl har i målføra, sameleis kan ein bruke seter eller sæter alt etter som det høver med det lokale talelemålet.

Jostein Sande

Dikt om sæterdrifta i Herdalen i Rennebu

Frå Svein Rise, Voll i Rennebu, har vi fått eit lite dikt som han fann etter mor si, Hanna Rise. Ho var fødd i 1905 og sætra i mange, mange år i Herdalen i Rennebu i Sør-Trøndelag. Svein Rise kallar det mora sin «sørgesang da den gamle måten å drive sæterdrift på var slutt i 1967-68. Et typisk døme på kor bundne en ble av naturen og den gammeldagse sæterdrifta».


~ Å, atter skal eg sjå deg du vene sæterdal,
med morgonsola sveipande om panna.
Her er så stilt og fredeteleg, og lufta rein og sval.
Er belsebot for arming må eg samna.
Og Trollbetta og Gråfjell og Skrikbo om deg står:
Nedunder Åsfjellet remm Hera rein og klår;
og øretten ban boppar uti vatna.

~ Så sitt eg ber og mimmes den gode fjerne tid
med ku og kalv og geitestell i fjøset.
Vi jysta og vi kjerna og bruka all vår flid.
Med tida fekk vi slettes ikkje sløse.
med vasstre bar vi vatn frå kjelda klår og fin.
I omnen spraka fjellbjørka når kulda sette inn,
og geitostgryta putra da så ødslig.

~ Å kjære Gro og Litagod og Lykkerosa mi,
som aldri meir skal beita uti fjella.
Ein gjætartråd deg stengjer i kulturrenga inn.
Så det er mest som du er gått i fjella.
Nei, aldri meir i fjella du fritt omkring skal gå,
omkring dei skjønne vatna og eta saftig strå,
og godmett komme av dåkk sjolv på sætra.

~ No bjølla beng på knaggen, bo sunge bar sin
song.
Så stilt det er ber ute, no ingen bjøllesong.
Og inga kuraut bøyrrer eg frå åsen.
Og borna da, som leika seg ber så mang ein gong,
og hjelp meg å få bølingen på båsen.
Nei aldri skal eg gløyma den gode gamle tid:
Med sol og seprator og kjerning og storegryta mi,
som koka ber så mykje godt til skrotten.

Hanna Rise



Ny prakt- bok om setra

Karoline Daugstad og Svein Sæter er forfattarane bak ei praktbok, som det Norske Samlaget gir ut i haust. Organisasjonen Norsk seterkultur blir grundig omtala i boka, og forlaget har teke initiativ til eit samarbeid som vi vonar skal gi medlemmane i NSK tilgang til boka for ein fordelaktig pris.

God medlems- tilgang

Anne Ulsaker Bækken, som er kasserar i Norsk seterkultur, melder om god respons på medlemsgiroen. Det hjelpte å ha giro med namn på, det forpliktar meir. I allefall, medlemspengane trengst, det er ikkje anna organisasjonen har å leve av! Så om du ikkje har betalt: det er ikkje for seint! Og skulle den tilsendte giroen vera borte, så står bankkonto-nummeret i bladet.

Frå lagskontoret i Norddal kan det elles meldast om jamn tilgang av nye medlemmar, ofte via internett - der heimesida har ein «innmeldingsblankett».



Norsk
Seterkultur

Ønskjer du å bli medlem?

Som medlem er du med på å:

- Fremja seterdrifta og seterkulturen
- Leggje grunnlaget for eit framtidig informasjon- og kompetansesenter knytt til seterkulturen
- skape eitt nettverk og eit fagmiljø, for aktive seterbrukarar og andre interesserte

Du får bladet Seterbrukaren
4 gonger i året

Medlemskontingent 2001

Aktiv seterbrukar	kr. 250,-
Organisasjonar/institusjon	kr. 400,-
Støttmedlem/tinging av Seterbrukaren	kr. 150,-

Ja, eg vil bli medlem

- Aktiv seterbrukar
- Organisasjonar/institusjon
- Støttmedlem/tinging av Seterbrukaren

Navn:

.....

Adresse:

.....

Fylke:

Telefon:

Send også tilbud om medlemskap til:

Send kupongen til:
NORSK SETERKULTUR
6214 NORDDAL
Tlf.: 70 25 92 29 - 70 25 91 77
Fax: 70 25 91 57
E-post: seterkul@online.no
Bankgiro: 2367 20 51 169

Geir Hauge vann fram!!


I eit tidlegare nummer av Seterbrukaren skreiv vi om Geir Hauge, bonde i Fræna i Romsdal, som måtte betale hytterena- sjons-avgift for setra si. Ho var ikkje god- kjent som næringsbygg enda han hadde krøtera der.

No i mai kom saka endeleg oppatt i tek- nisk styre- og fekk ein lykkeleg utgang. Styret snudde heilt om og godkjente se- tra som ho er. Samtidig opplevde Hauge att heile seterdrifta vart møtt med velvilje og interesse. Han er full av «vellæte» over politikarar og medspelarar som førte saka fram til ei fornuftig løysing. Med uttrykke positive haldningar i kjølvatnet, kan ein bonde beinast bli optimist!

PS Hauge ser ikkje bort frå at Seterbrukaren tok opp saka kan ha påvir- ka utfallet.
Marit

Organisasjonar/ Institusjonar

Bladet går gjerne til organisasjonar, in- stitusjonar og forvaltingsorgan som vi gjerne vil informere om kva som skjer i «Seterlandet». Mange betaler for bladet, men vi nyttar gjerne høvet til å oppmo- de fleire om å gjera det!



Grønt spatak - stor interesse for seterdrift

Vi har fått mange påmeldingar til seterdrift og beitetilsyn, så interessa blant ungdom er det ikkje noko å seie på. Så no gjeld det å finne støl til dei interesserte. Det er Solveig Prestegård, sentralstyremedlem i Natur og Ungdom, som seier dette. - Nokre vil reise åleine, andre saman med nokon. Tidspunktet er frå slutten av juni til ut au- gust, og ynskja varierer frå ei til tre vekers opphald. Vi dekkjer reise og litt lomme- pengar, vertskapet, altså bonden/seterbrukaren, held kost og losji - og eit meinings- fylt opphald i form av høvelege arbeidsoppgåver og høve til å utveksle tankar og meiningar om landbruk og miljø m.m. Det er NU, Norsk Bonde- og Småbrukarlag og Felleskjøpet som står bak Grønt Spatak, og no går altså Norsk seterkultur inn i samar- beidet. Det handlar sjølsagt ikkje om vanleg arbeidshjelp, men kanskje kan opple- vingane føre til at ungdomane søker seg til næringa seinare - gjerne som budeie på setra.

- Formålet er sjølsagt å arbeide for norsk matproduksjon, ein miljøvenleg måte å p- dusere på, ikkje minst ved utstrekt bruk av utmark og seterdrift, seier Solveig Prestegård, som legg til at det også handlar om solidaritet med andre land. Det er vik- tig at ungdommen får lære om dette, gjennom praktisk arbeid og direkte kontakt med folk i landbruket.

Dei som kan ta i mot ein ungdom eller to eller tre på stølen i sommar kan vende seg til Natur og Ungdom, tlf. 23 32 74 00 - eller e-post: solveig@nu.no

NÅ BLIR DET ENKLERE Å LYKKES I FJØSET

FORMEL

VI FORNYER FORMEL-SORTIMENTET TIL DRØVTYGGERE

Nyere forskning viser at AAT-verdiene i grovfôr har vært overvurdert. Mange bønder har gitt dyra fôrrasjoner med for lite protein og fått dårligere resultater enn nødvendig. Felleskjøpet har tatt konsekvensen av dette og fornyer FORMEL-sortimentet.

Den viktigste endringen er FORMEL Favor – nye blandinger som dekker behovet ved de fleste driftsformer. Ved hjelp av FORMEL-nøklene i vår nye brosjyre kan du enkelt finne den blandingen som gir best resultat i ditt fjøs.



www.fk.no